

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2015	Formannskapet i Radøy	PS	28.05.2015
062/2015	Formannskapet i Radøy	PS	18.06.2015
036/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	24.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	15/165	15/5703

## IKT-strategi 2015-2018

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Felles IKT-strategi 2015-2018 for kommunane i det interkommunale IKT-samarbeidet i Nordhordland vert med dette lagt fram for politisk handsaming.

IKT-strategien gjer greie for dei viktigaste prioriteringane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Sjølve strategiane er på overordna nivå og skal følgjast opp av ein meir detaljert tiltaksplan. Tiltaksplanen skal seia noko om korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidlegare strategiperiodar vert vidareførte i visjonen for denne strategiperioden. Vi skal leggje til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk.

Erfaring frå tidlegare strategiar har synt at det er naudsynt med politisk forankring av Ikt-strategien.

#### Vurdering

Sidan IKT-samarbeidet i Nordhordland vart oppretta i 2011 har vi oppnådd mykje positivt. Sjølv om vi har kome ganske langt i arbeidet med å digitalisera forvaltninga er det likevel mykje som står att. Vi treng difor offensive målsetjingar og tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføra prosjekt, som på sikt fører til meir effektiv forvaltning og reduserte kostnader.

Måla i strategiframlegget byggjer på måla i digital agenda for Norge. Nokon vil synast dei er ambisiøse, medan andre kanskje meiner vi bør ta mål av oss til å koma endå lenger i perioden. Kommunane i IKT-samarbeidet er ulike og har i ulik grad ressursar til å utvikla og gjennomføra den organisasjonsutviklinga IKT-utviklinga krev.

Strategien skal vera noko å strekkja seg etter, men samstundes må den vera realistisk. Vi meiner at det framlegget som no vert lagt fram til politisk forankring stettar desse krava.

Strategien seier noko om at digital dialog skal vera hovudsatsinga vår. Dei områda som er nemnd i strategien skal ha særskild fokus, men det kan også jobbast med område som ikkje konkret er nemnd.

#### Konklusjon

Felles IKT-strategi er eit godt grunnlag for å vidareutvikla kommune-organisasjonane og dei digitale løysingane vi i dag har. Det er eit stort potensiale i å utnytta betre dei systema vi har, samt implementera nye løysingar som ei vidareutvikling av dagens løysingar.

Mange ser på digital kommunikasjon som ein sjølvfølgje i dag, og kommunane må henga med i

utviklinga. Men digital kommunikasjon byr også på utfordringar. Vi har eit stort ansvar for å sikra at dei løysingane vi nyttar, og dei rutinane vi etablerer, er trygge og sikrar både vern av sensitive personopplysningar, teieplikt og informasjonstryggleik. Vi må sikra arkivrutinar og trygg dokumenthandtering.

Sjølv om vi har eit IKT samarbeid som fungerer svært godt, er IKT-tryggleik den enkelte kommune sitt ansvar. Vi må sjølve syta for at vi har naudsynt kompetanse og gode nok rutinar på dette.

Felles IKT-strategi kan hjelpe oss å setja IKT-utvikling på dagsorden, men jobben med å implementera dette i organisasjonane kviler på den enkelte kommune. Det at vi løftar saman gjer likevel at vi kan koma litt lenger enn om vi kvar for oss skulle hatt ansvar for å fornya og levera digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Felles IKT-strategi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

**Formannskapet i Radøy - 049/2015**

**FS - handsaming:**

Av tidsomsyn gjorde ordføraren framlegg om å utsetja saka.

**FS - vedtak:**

Saka vert utsett.

**Formannskapet i Radøy - 062/2015**

**FS - handsaming:**

Rådmannen orienterte om det nye strategidokumentet for IKT Nordhordland for 2015-2018, som no er til politisk forankring i kommunane. Han peika på at digital dialog med innbyggjarane er eit sentralt tema i dokumentet. Han viste også til årsmelding og tertialrapport frå IKT Nordhordland, som ligg vedlagt "Meldingar og referatsaker". I årsmeldinga kjem det fram at IKT Nordhordland brukte mindre pengar enn budsjettet i 2014.

Rådmannen vil koma tilbake til hausten med oppdatert informasjon om utviklinga i IKT Nordhordland.

Kenneth Murberg (H) gav uttrykk for at han synest det i ein økonomisk tøff situasjon for kommunen vil vera viktig å ta for seg drifta i dei ulike samarbeidsselskapene i regionen.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Felles IKT-strategi for 2015 – 2018 vert vedteken som Radøy kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

**Vedlegg:**

Felles IKT-strategi 2015-2018